



## Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

**Dato:** Torsdag 27. okt. 2017  
**Stad:** FNF-kontoret i Idrettsvegen 2  
**Kl:** 1200 - 1230

---

### Sakliste

Frammøtte; May Britt Haukås (SF), Åsa Fredly (NJFF), Øystein Folden (NAT), Ola Fremo (FNR), Åsmund Steen (ÅST) og Ingbjørn Bredeli (FNF).

#### Sak 26.17 Klage til Sivilombodsmannen (SIO) om manglende svar

FNF Møre og Romsdal sendte 5 sept. 2016 eit informasjonsbrev til kommunane i fylket om sjikanøse stengsel knytt til friluftsløva. Så fulgte vi opp dette med brev i dei konkrete tilfella der vi bad dei respektive kommunane om å vurdere lovlegheita av stengsla. Alle kommunane tilskreive har respondert på våre spørsmål og gjort ei vurdering etter friluftsløva slik dei er pålagt, bortsett frå Molde kommune. Knytt til denne kommunen har vi purra mange gonger på manglende svar på fem konkrete sjikanøse stengsel. Vi har også teke kontakt med Fylkesmannen to gonger utan at vi har fått eit svar frå Molde kommune med ei vurdering av dei fem konkrete sjikanøse stengsel. Grunna manglende svar sendte vi difor saka vidare til Sivilombodsmannen den 4 okt. 2017. I svarbrevet frå SIO går det mellom anna fram at det må dokumenterast at FNF Møre og Romsdal står bak klagen;

*Det går ikkje fram av dokumenta i saka om du har mynde til å klage på vegner av forumet. Før klagen kan bli behandla her må du difor leggje fram fullmakt frå nokon som har signaturrett i Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal. Det bør gå fram av fullmakta at den gjeld klage hit.*

#### Forslag til vedtak:

Styret bekrefter at FNF Møre og Romsdal vil sende klage til Sivilombodsmannen for å få svar på våre førespurnader om miljø saker i Molde kommune.

#### Vedtak:

Styret bekrefter at FNF Møre og Romsdal vil sende klage til Sivilombodsmannen for å få svar på våre førespurnader om miljø saker i Molde kommune.

Åsa Fredly  
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli  
FNF-koordinator